



RUTINE FOR TILSYN AV HEIMEOPPLÆRING

Formål

Rutinen skal sikre at kommunen fører tilsyn med elevar som får opplæring heime, jf. [opplæringslova § 14-3](#)

Omtale

Opplæringslova §2-1 gir føresette rett til å undervise eigne born, dersom krava til slik undervisning vert stetta. Privat heimeopplæring inneber at dei føresette sjølve underviser eigne born.

Føresette som ynskjer å drive heimeopplæring for sine born, må melde frå om dette til skulen barnet soknar til. Det er ikkje krav om førehandsgodkjenning. Føresette må ha naudsynte føresetnader for å drive undervisning, men det vert ikkje stilt formelle kompetansekrav.

Det er ein føresetnad at opplæringa skal vere tilsvarende den opplæringa som vert gjeve i grunnskulen. Det tyder at det vert stilt krav til omfanget av, kvaliteten på og innhaldet i heimeopplæringa, jf. opplæringslova §§ 2-1 og 2-13. Dei føresette må sjå til at borna får opplæring som tilsvargar den som vert gjeve i offentleg grunnskule. Privat heimeopplæring er i utgangspunktet omfatta av dei same lovreglane og forskriftene om opplæringa sitt formål som opplæringa i offentleg grunnskule.

Kommunal rutine

Kommunen skal føre tilsyn med pliktig grunnskuleopplæring for elevar som ikkje går på skule, jf. opplæringslova § 14-3. Tilsynsoppgåva er delegert til rektor ved skulen eleven soknar til. Rektor peikar ut ein tilsynslærar ved skulen.

Tilsynet kan praktiserast på følgjande måtar:

- Kartleggingsprøver
- Samtale/munnlege prøver
- Skriftlege prøver i aktuelle fag/fagområde
- Vurdering av ulike elevarbeid
- Samtale med føresette

Skulen skal skrive halvårlege rapportar etter tilsynet. Dei føresette skal ha kopi av rapportane.

Føresette som ynskjer heimeopplæring for sine born, pliktar å samarbeide med den skulen som har tilsynsansvaret slik at tilsynet kan gjennomførast på ein god og tilfredstillande måte.

Dersom skulen ikkje får gjennomført tilsynet på ein forsvarleg måte, eller kjem til at heimeopplæringa ikkje oppfyller lovkrava, skal det fattast einskildvedtak om at barnet skal gå i skule. Slikt vedtak vert gjort av kommunalsjef oppvekst. Vedtaket kan påklagast. Fylkesmannen er klageinstans, men ein evt. klage skal sendast til oppvekst som sender den vidare til Fylkesmannen.

Elevar som får privat heimeopplæring kjem ikkje inn under forskrifta om elevvurdering. Det tyder at elevane ikkje får vurdering med karakter. Dei får heller ikkje vitnemål etter avslutta grunnskuleopplæring. Dersom føresetnadene er oppfylte, pliktar Volda kommune å skrive ut ein attest om at grunnskulen er fullført.

Elevar som får privat heimeopplæring, er heller ikkje omfatta av retten til spesialundervisning

Oppvekst
september 2019